

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/174-1

## Val av leiar og nestleiar i fylkesrådet for eldre i perioden 2016 - 2019

### 1. Val av leiar og nestleiar vert valt i møtet 2. februar 2016

Vedlegg:

Reglement for fylkesrådet for eldre

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

I reglementet for fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane står det i § 1:

- Eldrerådet skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer.
- Valretten ligg til fylkesutvalet.
- Fleirtalet av rådsmedlemene skal vere alderspensjonistar i fylket.
- Rådet vel sjølv leiar og nestleiar blant alderspensjonistane.
- Fylkespensjonistforeiningar har rett til å kome med framlegg om medlemmer.
- Funksjonstida følgjer den fylkeskommunale valperioden.
- Reglane om kjønnsbalanse i kommunelova § 36, nr. 2, inneber at kvart kjønn skal vere representert med minst to medlemmer.

Medlemene til fylkesrådet for eldre vart valt i møte i fylkesutvalet 4. november, der fylkespensjonistforeiningane hadde kome med framlegg til medlemmer.

Det er fire representantar mellom alderspensjonistane i fylkesrådet for eldre.

### 2. Konklusjon

I møtet den 2. februar vel rådet ein leiar og nestleiar mellom dei fire alderspensjonistane som er representert i fylkesrådet.